



Regionalt ressurscenter om vold, traumatisk stress
og selvmordsforebygging - Region Midt (RVTS Midt)



FYLKESMANNEN I
MØRE OG ROMSDAL

FAGDAG

Fylkesmannen i Møre og Romsdal og RVTS – region Midt arrangerer også i 2016 fagdag for alle som arbeider med barn og unge med tema:

DEN DIALOGISKE SAMTALEN – EIT VERKTØY FOR Å SAMTALE MED BARN OG UNGE OM VANSKELEGE TEMA

Tid: 25. april 2016 kl 1000 – 1600

Stad: Quality Hotel Alexandra i Molde

Målgruppe er alle som arbeider direkte med barn og unge som tilsette i barnehage og skole, PP – tenesta, helsestasjon, skolehelsetenesta, barneverntenesta og bufellesskap for einslege mindreårige. Opplæringa er tverrfagleg og skal styrke kommunane sin kompetanse i å samtale med barn og unge om vald og seksuelle overgrep. Gamst og Langballe sin metodikk «den dialogiske samtalen» Tilsvarande fagdagar i 2015 hadde til saman ca 400 deltakarar. Denne gongen er **særleg tilsette frå barnehage og skole (grunnskole og vidaregåande skole) oppmoda om å delta.**

Opplæringa er forankra i «*Barndommen kommer ikke i reprise*» - strategi for å bekjempe vold og seksuelle overgrep mot barn og unge (2014-2017). Siktemålet er at fagdagen skal vere starten på ei langsiktig kompetanseutvikling i kommunane. RVTS-midt har det faglege ansvaret for fagdagen, sjå programmet.

140 deltakarar er påmeldte til fagdagen som er gratis. Deltakarane dekker sjølve utgifter til reise.

Kontaktpersonar hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal:

Liv Aasen, tlf. 71258452, e-post: liv.aasen@fylkesmannen.no

Kristin Øksenvåg, tlf. 71258561, e-post: fmmrkrok@fylkesmannen.no



FYLKESMANNEN I
MØRE OG ROMSDAL

PROGRAM

RVTS v/ Siri Lerand og Rita Småvik er ansvarlege for det faglege innhaldet på fagdagen

1000 - 1015	Velkommen
1015 - 1100	Kva er vald og seksuelle overgrep? Korleis kan dette avdekkast? Kva slags konsekvensar har vald og traumar for barn si utvikling? Kultursensitivitet i møte med barn, unge og familiar
1100 - 1130	Kaffepause
1130 - 1300	Korleis snakke med barn om vald og seksuelle overgrep? Korleis skal vi ta opp sakene vidare i hjelpeapparatet?
1300 - 1400	Lunsj
1400 - 1545	Korleis snakke med barn om vald og seksuelle overgrep? Korleis skal vi ta opp sakene vidare i hjelpeapparatet? Refleksjon/summeoppgåver under vegs
1545 - 1600	Oppsummering og avslutning

Vel møtt!